

Vegparsell 4002 får avkøyrse frå Vestsidivegen litt nord for noverande avkøyrse til vegen opp til den gamle skuletomta. Vidare går vegparsell 4002 nordvestover, og endar opp litt nord for skulehustomta. Det er ein hovudstikkar mot nord, om lag midtvegs.

Vegparsell 4003 tar av frå vegparsell 4002 i sørvestleg retning, og har to hovudstikkarar mot vest. Vegane ligg i det som tidlegare var utmarka til Kårtveit, heilt nord på garden. Det einaste bygget i området har vore det gamle skulebygget, som vart rive for få år sidan.

Kommunen har allereie desse forslaga:

Vegparsell 4002:

Brakadalsvegen/Brakedalsvegen/Brakjedalsvegen (Brakadalen er å finna i Hordanamn)

Skulehaugen/Skulehushaugen (konstruert namn ettersom det var ein gamal skule der, og naturformasjonen -haug)

Skulevegen/Skulehusvegen (konstruert namn ettersom det var ein gamal skule der, og -vegen)


Vegparsell 4003:

Grønfjellvegen/Grunnfjellvegen (iflg Hordanamn og i SSR, er dette skrive Grunnfjell- (Grunnfjellnuten), men andre kjelder tyder på at det skal vera Grønfjell).


Merkesgardvegen/Merkjesgardvegen (iflg Hordanamn er stadnamnet Merkesgarden merkt like ved skulehustomta, men dette er feil. Merkesgarden ligg søraust for det nye bustadfeltet. Det er ein bergrygg som går i aust-vestleg retning. Uttalen har vore *Merkjesgar'n*).



Illustrasjon viser namn frå Hordanamn



Illustrasjon viser namn frå SSR, med påteikning av vegparsellane, iflg reguleringplan.



Utskiftingskart for Kårtveit 1934.